

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Postboks 37

6861 LEIKANGER

Dykkar ref
2003/766

Vår ref
03/231-2 BIU

Dato
07.02.2003

Søknad om bruk av ansvarleg lån til dekking av akkumulert underskott

Vi viser til brev av 21.01.2003 med spørsmål om Askvoll kommune kan nytte midlar ved innfriing av ansvarleg lån til å dekkje akkumulert underskott.

Departementet vil peike på at kommunen si avgjerd om å yte eit ansvarleg lån til YFK var resultat av eit bevisst val kommunestyret tok den gangen. Dei midlar kommunen mottek når eit ansvarleg lån vert innfridd, vil være ein ikkje- løpande inntekt, jf "Forskrift om årsbudsjett" §5.

Foreininga for "God kommunal regnskapsskikk" (GKRS) har i Høringsutkast nr 4 (HU nr 4) gjeve ut forslag til standard for avgrensing mellom drifts- og investeringsrekneskapen. Det går her fram at inntekter ved sal av anleggsmidlar alltid skal reknast som ikkje-løpande og først i investeringsrekneskapen. Med anleggsmidlar meinast òg finansielle anleggsmidlar som aksjer/andeler for varig eie og utlån.

Kommunen argumenterar med at det ansvarlege lånet oppsto ved at kommunen gav avkall på driftsinntekter frå den tida YFK var eit interkommunalt selskap. Departementet minner om at avgjerda om å yte eit ansvarleg lån var et val der dei ulike alternativa hadde ulike følgjer. Det gjev liten meining å sjå på ein av verknadene isolert, og ikkje til dømes dei skattemessige følgjande.

Kommunelova tillet ikkje at tilbakebetaling av ansvarlig lån frå YFK vert nytta til å dekkje akkumulert underskott. Departementet merkar seg dei naudsynte omstillingstiltaka som Askvoll kommune no gjennomfører. For å betre handlefridomen bør kommunen nytte dei frigjorde midlane til å betale ned på lånegjelda i kommunen. Vidare må dekking av underskott vere ein del av, og ikkje eit tillegg til det driftsresultat fylkesmannen tilrår for kommunane.

Med helsing

Trond Christensen e.f
Underdirektør

Birgit Uhlen
rådgiver